

MERKNADSSKJEMA – FORSLAGSSTILLAR SINE KOMMENTARAR TIL MERKNADER - VARSEL

<b>Plannavn</b>	Langheiane felt B8 og B9
<b>Arealplan-ID</b>	1263_201602
<b>Saksnummer</b>	16/371
<b>Utarbeidet av</b>	Ard arealplan as
<b>Datert/Revidert</b>	03.02.17

	<b>Avsender</b>	<b>Hovedpunkt i merknad / uttalelse</b>	<b>Forslagsstillers kommentar</b>
1.	Fylkesmannen 26.10.16	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Eitt av dei overordna måla for planområdet er terrengtilpassing, og at høge støttemurar skal unngåast. I følgje reguleringsføresegn § 1.2.3 skal murar ikkje vere høgare enn 1,5 meter, men det kan etablerast høgare murar inn mot fjellskjeringar. Fylkesmannen meiner denne føresegna gjev ei lite presis styring for utforming av murar, og ber kommunen stille tydelege krav til byggetiltaka.</li> <li>2. Det er utarbeidd tenlege illustrasjonar for korleis utbygginga kan sjå ut. Dersom det er ønskeleg å etablere felles tunløysing i BKS2, bør strukturen sikrast i reguleringsføresegnene.</li> <li>3. Plankartet manglar rutenett.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Høgden på murar vil hovudsakleg vere 1,5 m. Inn mot fjellskjeringar kan det etablerast murar opp mot 2 m.</li> <li>2. Tunløysing er sikra i § 5.1.5.</li> <li>3. Retta, rutenett er lagt inn i plankartet.</li> </ol>
2.	Fylkeskommunen 02.11.16	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Hordaland fylkeskommune meiner at føresegnene burde vore tydelegare formulert med omsyn til skjeringar og bearbeiding av desse, slik at kvaliteten i landskapsromma vert sikra med tanke på både bustadmiljø og friluftsliv.</li> <li>2. Hordaland fylkeskommune ber og om at planarbeidet tek betre omsyn til overvatn og flaum. Vi minner om at bekker er viktige mottakarar av vatn ved store nedbørmengder. Vi rår difor til at ein sikrar at bekken vert halde open og steinsett med ein tydelegare formulering i føresegnene.</li> <li>3. Føresegnene stiller ikkje krav til minste privat uteopphald for alle einingar. Dette bør ein innarbeide for å sikre bustadkvalitetane.</li> <li>4. Dei tilrår at det vert stilt krav i føresegnene om at dekk som skal nyttast til uteopphald må dimensjonast for minimum 80 cm jorddekke. Dette gir rom for å plante buskar og større tre slik at ein kan skape rom i rommet, tilretteleggje for ulike typar grøntkvalitetar og gje meir robuste driftsløysingar.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Sjå svar til pkt. 1 i merknad 1.</li> <li>2. Retta, føresegn 5.3.2 er meir spesifisert.</li> <li>3. Usikker på kva som meinast her, MUA per eining har heile tida vore spesifisert under pkt. 5.3.3</li> <li>4. Tatt til følgje, dette er lagt til under pkt. 5.3.6 i føresegnene men er skrivne noko om.</li> </ol>
3.	Statens vegvesen 09.11.16	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Ingen merknadar.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Tatt til følgje.</li> </ol>
4.	NVE 12.10.16	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Ingen merknadar.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Tatt til følgje.</li> </ol>